



Deltakarar frå OPPTUR i fjor samla framfor Varhaugselet.

**På onsdag ventar ein kjekk og ekstra frisk skuledag alle 8.klassingane i Kvinnherad. Då står Kvinnherad turlag bak det populære og årvisse Opptur-arrangementet. Dermed vert det ein flott, felles fjelltur for alle elevane på dette klassetrinnet ved dei 5 skulane i Åkra, Rosendal, på Husnes, Hatlestrand og frå Øyatun på Halsnøy.**

DNT står i år for 114 OPPTUR-arrangement, der åttandeklassingar frå heile landet deltar. I år blir den nasjonale turdagen arrangert for 11. gang med over 34 000 påmeldte elevar. Heile 481 skular deltek, det er 40 fleire enn i fjor. I Hordaland er det 11 lokale opptur-arrangement, og det er forventa at rundt 6000 spreke og blide ungdomar skapar liv og røre rundt om i hordalandsfjella den 4.mai.

OPPTUR er det einaste arrangementet som får ut alle kvinnheringane frå eit årskull! For arrangørarane er det difor stas å få lov til å be dei med ut på tur til Nordfjell, Vardhaugselet og ned att om Olderbotn. Start og mål er ved kapellet ved Valen sjukehus.

Eg er sikker på at elevane ser fram til denne dagen. Fjelltur er også ein flott måte til å koma i kontakt med nye folk. Derfor er det også ein fin mulighet til å verta kjent med jamaldringar frå naboskulane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Anne Kari Enes/Kvinnherad turlag.